

Årsmelding Time sokn 2024



Foto: Vegard Hanssen



Foto: Frode Skårland

Innhald

Årsmelding Time sokn 2024.....	1
Time sokneråd	3
Kyrkjeleg undervisning og læring (tidl. trusopplæring) for barn og unge i Bryne, Time og Undheim	6
Årsmelding for Time diakoniarbeid.....	9
Lye søndagsskule.....	11
Varden	12
Varden 10/13	12
Barnegospel og TT-koret	13
Troens menn.....	13
Lye distriktsutval 2024.....	14
Årsmelding strikkekafé	15
Fredagsmiddag.....	15
Økonomi og gjevarteneste	15
Takk!	16

Time sokneråd

Time sokn – eit levande sokn med stort engasjement som omfattar Lye, Time og Hognestad.

Time sokneråd har glede av å representera eit levande og engasjert sokn. Me er heldige som har fleire tilsette som aktivt driv ulikt arbeid og tilbod for innbyggjarane i soknet. Samstundes er me velsigna med unike, rause og engasjerte frivillige. Dette samarbeidet mellom tilsette og frivillige dannar grunnlag for både vekst, vedlikehald og utvikling av ulike tilbod i soknet vårt.

Styret som utgjer Time sokneråd 2023-2027

- Willy Finnbakk
- Sverre Risa
- Trond Heskestad
- Jorunn Ueland
- Marianne Hauge
- Martin Berge
- Yngvar Nilsen (soknepresten har fast plass i soknerådet)
- Harald Auestad møter som vararepresentant

Sakene Time sokneråd har brukt mest tid på i 2024:

Struktur og organisering av nytt sokneråd. September 2023 var det kyrkjeval og Time sokneråd fekk nytt styre.

Første del av 2024 jobba soknerådet mykje med organisering av eige styre med tanke på struktur og fokusområde.

Soknerådet har vald å ha fokus på følgande område i sin periode:

- Konfirmantarbeid
- Ungdomsarbeid
- Engasjerande trusliv for alle generasjonar

I 2024 hadde soknerådet 9 møter og handsama 62 saker.

Andre saker soknerådet har brukt tid på i 2024:

- Organisering av diakoniarbeid i Time sokn: soknerådet ser det som hensiktsmessig at det er diakon i samarbeid med andre tilsette som har hovudansvar for organisering av det diakonale arbeidet i soknet. Frivillige blir henta inn ved behov. "Plan for Diakoni i Time" blei revidert ilag med diakon. Diakoniutvalet blei vedteke å leggast ned. Soknerådet takkar for arbeidet Diakoniutvalet har utretta gjennom fleire år.

- Idémyldring rundt framtidig Konfirmantarbeid. Aktuelle innspel blei tatt vidare til kateketen med tillit om at teamet rundt konfirmantane gjer vurderingar utifrå det dei ser kan fungere, samt kan la seg gjennomføre.

- Stillingar:

Prosjekt stillinga "Barne og familiarbeidar" som blir brukt til søndagsskule arbeid på Lye forsamlingshus blei omgjort til fast stilling.

Ungdomsarbeidar Else Iren var i svangerskapspermisjon i 2024. Soknerådet leigde inn Ole Hauge som fast vikar til å følge opp ungdomsarbeidet på Lye forsamlingshus.

I 2024 var det trusopplæringa og ungdomsarbeidet som blei mest ramma av sjukemeldingar og permisjonar blant tilsette. Takk til frivillige som på ulikt vis stille opp med hjelpande hender på disse områda. Tidvis var det likevel nødvendig å avlyse ulike arrangement på grunn av mangel på tilsette. Soknerådet har full forståing for at sjukdom og permisjonar tidvis dukkar opp. Samtidig har soknerådet i løpet av 2024 gjerne blitt litt meir merksame på kor viktig det er å finne alternative løysingar når slike situasjonar oppstår.

- Tverrkyrkjelege samarbeid : "Velkommen hjem"-arrangementet med Viggo Klausen med team, og Jærdagsgudsteneste blei gjennomført som tverrkyrkjeleg samarbeid i 2024.

- Offerfordeling og misjonsprosjekt: Fordeling av kyrkjeoffer for år 2025 er blitt gjort av soknerådet.

Soknerådet har òg vedtatt å ha "Mercy Farm" i Ukraina som kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt denne soknerådsperioden, altså 2023-2027.

Både søndagsskulen og kyrkjelyden har vore med på å samla inn pengar til Mercy Farm. Innsamla midlar til nå er 26 817 kroner.

- Medarbeidarsamling: Soknerådet inviterte til medarbeidarsamling både på Lye forsamlingshus og på Time kyrkjetorget for alle som har ei teneste i kyrkjelyden. På Lye var Anne Berit Mathisen leigd inn for å dele inspirasjon og erfaringar under temaet kall. Elles var det god mat, song og musikk og god drøs. På Time kyrkjetorg var det god mat og drøs, lett underhaldning, ord for kvelden og fordeling av ansvarsoppgåver knytt opp til gudstenester i 2025 som stod på programmet.

29 stk deltok på samlinga i Time og 44 stk deltok på Lye.

- Besøk av og samtalar med tilsette i staben for å bli meir kjent med deira oppgåver og utfordringar. I 2024 har Time sokneråd blitt betre kjende med vikarierande ungdomsarbeidar Ole Hauge. Han fortalte om ungdom som set pris på å få treffast på Forsamlingshuset annankvar fredag. Om ungdom som set pris på eit miljø som i tillegg til andakt og lovsang, inneheld matsservering, leik, konkurranser og trygge voksne. Han minna soknerådet om korleis kultur og nærmiljø pregar ungdomsarbeidet på Lye: at Lye har fleire og fleire mobile ungdommar som raskt forflytter seg vidare til neste plass, at ungdom frå bygda tidvis prioriterer gardsarbeid framfor organisert fritidstilbod, at ungdomskulla på Lye er små for tida, noko som igjen gjev lågare oppslutning på fritidstilbod. Han fortalde òg med stoltheit at Lye forsamlingshus har eit ungdomsarbeid der ungdommane blir sett og høyrte. Der ein lærer å kjenne kvarandre ved namn og prøver å engasjere ungdommen sjølv inn i arbeidet.

Av utfordringar på vegen vidare peika Ole på faren for at ein ungdomsarbeidar blir ståande aleine i arbeidet. Han gav soknerådet i oppgåve å tenke på korleis sokneråd og kyrkjelyd i større grad kan støtte arbeidet og forhindre at ein ungdomsarbeidar kjenner seg åleine.

Ungdomsarbeidet er eit viktig misjonerande lågterskelarbeid som samlar fleire lokale ungdommar til fellesskap annankvar fredag på Lye forsamlingshus. Soknerådet heier på dette arbeidet og vil ha ungdomsarbeidet som fokus området vidare inn i 2025.

- Brudebiblar: Time sokneråd vil halde fram med å dele ut biblar til nygifte, trass auka innkjøpspris på disse biblane.
- Dåpsklutar: Time sokneråd vil halde fram med å kjøpe dåpsklutar frå eit broderiverkstad på Madagaskar som sysselsett kvinner. Alle barn som blir døypte får denne dåpskluten med som ei gåve frå kyrkjelyden og eit minne frå dåpshandlinga.

Arbeid framover:

Time sokneråd ønsker:

- eit ope, tenande og misjonerande sokn
- ei raus folkekyrkje med Jesus Kristus i fokus.
- ei kyrkje som lokalbefolkninga er stolte av og kan kalle "Mi kyrkje".
- ei kyrkje som er synleg og nærverande i lokalmiljøet med omsorg, diakoni og nestekjærleik både i høgtid og i kvardag.
- ei kyrkje og ein kyrkjelyd som det er godt å høyre til i, frå krybbe til grav.

Time sokneråd har i løpet av 2024 sett behov for å fortsette jobben med å auka givertenesta, samt jobbe for å implementere konfirmant- og ungdomsarbeidet meir inn i

kyrkjelyden generelt og inn i arbeidet vårt. Samtidig er det framleis behov for å la det diakonale arbeidet, som er kyrkja si omsorgsteneste, kome tydelegare fram og vise meir igjen i arbeidet som drives både når det gjeld nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Gudstenester

Time kyrkjelyd gjennomfører gudstenester kvar søndag. Den eine veka i Time kyrkje, den andre veka på Lye forsamlingshus.

Time sokneråd har eit mål om at barn og vaksne som kjem på gudstenester skal oppleva det som bra og få lyst til å koma tilbake. I Time kyrkja er det søndagsskule på kyrkjetorget dei gongene det er gudstenester med dåp. I 2024 har 151 ulike barn deltatt på desse søndagsskulesamlingane.

Gudstenester i Time kyrkja blir avslutta med felles kyrjekaffi på kyrkjetorget.

I 2024 har det vore 58 gudstenester i regi av Den norske kyrkje på Lye forsamlingshus. På Lye er søndagsskulen organisert slik at barneforkynninga er ein del av sjølve gudstenesta. Etter barneforkynning, barnesongar og nattverd, går borna til leik og hobbyaktivitet medan gudstenesta held fram i hovudsalen.

Innimellom er det gudstenester der alle er samla heile gudstenesta. Då er det ekstra fokus på borna frå start til slutt. Barne- og familiarbeidar har vore aktivt med i arbeidet med å planlegge og gjennomføre desse gudstenestene.

Kyrkjeleg undervisning og læring (tidl. trusopplæring) for barn og unge i Bryne, Time og Undheim

Trusopplæringa skifta sommaren 2024 namn til Kyrkjeleg undervisning og læring. Kyrkjemøtet har vedtatt revidert overordna plan, «Plan for kyrkjeleg undervisning og læring». Denne planen erstattar «Gud gir – vi deler». Den nye planen legg til rette for livslang læring gjennom deltaking, medverknand og skapande aktivitetar. Få å vera retta mot alle døypte barn og unge 0-18 år, er den nye planen for alle døypte og interesserte i alle aldrar.

Orda fasetiltak og tiltak blir erstatta med aktivitet og tilbod, gjerne merka med tidsavgrensa for å skilja mellom desse og det kontinuerlege arbeidet. Nye rammeplanar for arbeidet vil først koma i 2026, og gjeldande planar og arbeid blir reviderte etter behov.

Det er det tidsavgrensa arbeidet (tidl. fasetiltak) som blir rapportert fortløpande, sjå tabellen nedafor. Det er til dette arbeidet at dei overførte midla skal nyttast.

Det har vore aukande samarbeid mellom sokna, og det er fleire aktivitetar og tilbod som er felles for Bryne Time og Undheim kyrkjelydar. Kyrkjelydspedagogane samarbeider om det meste. Dette gir større fleksibilitet for familiane som nyttar seg av aktivitetane og tilboda, og det er gode tilbakemeldingar frå føresette på dette.

Våren gjekk stort sett som planlagt, men hausten har vore prega av sjukemeldingar. Dette har ført til fleire avlysingar og/eller forkortingar av tilbod.

Oversikt over avgrensa aktivitet og tilbod:

Alder	Tiltak	Oppslutning 2024 (2023) i parentes)	Anna
0 år	Dåpssamtale og dåp	Bryne: 66 (63) Time: 23 (34) Undheim: 11 (5)	1 samtale og gudsteneste
0-1 år	Babysong	Bryne: 27 av 122 = 22% (34%) Time: For få deltakarar (27%) Undheim: For få deltakarar (50%)	Samling annankvar veke
1-3 år	Småbarnstrall	Bryne: 19 av 200 = 10% (9%) Time: 11 av 96 = 11% (10%) Undheim: 0 av 36 = 0% (0%)	6 samlingar, felles for sokna
2 år	Undretur	Bryne: Avlyst (17%) Time: Avlyst (8%) Undheim: 14 av 13 = 108% (27%)	1 samling
3 år	Krøllekveld	Bryne: 7 av 75 = 9% (21%) Time: 6 av 37 = 16% (7%) Undheim: 7 av 16 = 44% (50%)	1 samling
4 år	Fireårsklubb og Barnebibel	Bryne: 28 av 75 = 37% (53%) Time: 8 av 27 = 30% (37%) Undheim: 11 av 10 = 110% (150%)	3 samlingar + gudsteneste
4-8 år, tidl. 5 år	Kor-Kickoff	Bryne: 48 av 394 = 12% (21%) Time: 18 av 171 = 11% (16%) Undheim: 0 av 52 = 0% (3%)	Felles for sokna: 1 samling
5 år	Adventsklubb for 5-åringar	Bryne: 24 av 75 = 32% (30%) Time: 18 av 39 = 46% (28) Undheim: 4 av 7 = 57% (100%)	1 samling
7 år, 1. kl Ny	Påskemysteriet for 1. klassingar, dåpsskule utgår	Bryne: 16 av 81 = 20% (21%) Time: 15 av 31 = 48% (39%) Undheim: 10 av 10 = 100% (92%)	1 samling lørdag + gudsteneste
7 år, 2. kl	Plan B – Aktivitetsdag for 2. klassingar	Bryne: Avlyst (9%) Time: Avlyst (9%) Undheim: Avlyst (62%)	Felles for sokna. 1 dagssamling (planleggingsdag for skulen)
8 år, 2. kl Ny	Superheltsamling, pinsefart utgår	Bryne: 13 av 87 = 15% (22%) Time: 15 av 43 = 35% (24%) Undheim: 4 av 12 = 33% (53%)	1 samling
9 år, 3. kl	Tårnagenthelg for 3. klassingar	Bryne: 17 av 74 = 23% (19) Time: 14 av 38 = 37% (37) Undheim: Ikkje i 2024 (62%)	Fre/lør 5 timer + gudst. søndag. U: 3. og 4. trinn saman, annakvart år
10 år, 5. kl	Lys vaken,	Planlagt å ikkje gjennomføra både 2023 og 2024	Felles for sokna: Lørdag + gudsteneste

	planlagt å ikkje gjennomføra i 2024		
10-12 år, 5-8. kl	Tweens kick-off	Bryne: 50 av 293 = 17% (35%) Time: 15 av 109 = 14% (20%) Undheim: 8 av 46 = 17% (43%)	Felles for sokna: 1 samling
15 år, 9. kl	Konfirmasjon	Bryne: 101 av 117 = 86% (80%) Time: 36 av 47 = 77% (82%) Undheim: 8 av 12 = 67% (111%)	Totalt 60 timar

Det er mykje godt arbeid som blir gjort i tillegg til dette. Her inngår blant anna: Søndagsskular, barnekor, tweenskor, anna tweensarbeid, foreningar og speidararbeid.

Den gode utviklinga i ungdomsarbeidet held fram. Det er mange ungdommar som samlast både i Varden, på Ukuf og UngFokus.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

Stillingar innan kyrkjeleg undervisning og læring:

Kyrkjeleg undervisning og læring har til saman 1,4 stillingar som er dekkja av trusopplæringsmidlar. Sokneråda har vedteke å styrka kyrkjeleg undervisning og læring med innsamla midlar, og difor er stillingane innan kyrkjeleg undervisning og læring større enn det som blir dekkja av overførte midlar.

Desse har vore tilsette i ulike stillingsstorleikar i kyrkjeleg undervisning og læring: Marit Høie Hetland, Tone Vold, Ragnhild Hanssen og Ingfrid Time Nærland.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for kyrkjeleg undervisning og læring! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra.

Guds signing over arbeidet vidare.

13.01.2024

Ingfrid Time Nærland

Årsmelding for Time diakoniarbeid

Årsmeldinga omfattar oppgåver der diakonen, saman med frivillige medarbeidarar, er involvert. Det er ikkje eige diakoniutval i Time. Mykje av det diakonale arbeidet er også felles tiltak saman med Undheim og Bryne.

Det er ikkje mogleg å nemna kvar einskild med namn, men ønskjer å takka kvar og ein for den viktige oppgåva dei står i.

Lokal plan for diakoni

Det er utarbeidd ein lokal plan for diakoni. Denne ligg til grunn for den diakonale verksemda i kyrkjelyden. Planen blir evaluert og oppdatert annakvart år. Planen vart oppdatert i 2024. Neste evaluering vert i 2026.

Diakonigruppa på Lye

På Lye er det ei eiga diakonigruppe. Diakonigruppa består av Stein Magne Paulsen, Kristine Grødem, Lillian Hjørnevik og Tor Magne Fjetland. Konkrete tiltak som gruppa driv er mellom anna strikkekafé for damer, treff for menn og forbønsteneste.

Arbeid for eldre og besøksteneste

Det er viktig med heimebesøk. Jubilarar i soknet som fyller 80, 90, 95 og 100 år får besøk med ei helsing frå kyrkjelyden. Desse besøka, og fleire andre besøk, blir utførte av både frivillige og tilsette.

Institusjonane i Time blir også jamleg besøkte av prest eller diakon som held andakt eller gudsteneste der. Her er det bebuarar frå heile Time. I tillegg til dette er alle i Time, i alderen +/- 60, inviterte til «Torsdagstreff» i Bryne kyrkje ein torsdag i månaden.

Sorgarbeid

Laurdag før Allehelgensdag stod Time diakoniutval for arrangementet «Open kyrkje, tenn eit lys». Då vart kyrkjetorget i Time kyrkje halde ope, og folk kunne koma inn for å få varma seg, få noko å bita i og samtala med nokon, medan dei besøkte gravene på kyrkjegarden. Inne i kyrkjesalen hadde me eit times program med vekselvis orgelmusikk og skrift/diktlesing ved Per Ola og Heidi Strand Harboe. Det blei eit flott arrangement.

Andre sundagskvelden i januar vert det kvart år halde ei minnegudsteneste i Time kyrkje, organisert av diakonen. Mange pårørande kjem til kyrkja for å minnast dei som har døydd

i året som har vore. Namna blir lesne opp og det blir tent lys. Dette er eit felles arrangement for heile Time. Det vart eit flott arrangement. 198 møtte opp dette året. Diakonen tek kontakt med etterlatne i heile prestegjeldet, og det blir arrangert sorgstøttegrupper i samarbeid med heile Jæren og Sandnes prosti. Gruppene startar opp fortløpande etter behov. Frivillige medarbeidarar er med som sorgstøttegruppeleiarar. Både deltakarar og gruppeleiarar kjem frå Time. Det blir arrangert sorggruppe for born i Bryne kyrkje. Både deltakarar og gruppeleiarar kjem frå Time.

Arbeid for menneske med utviklingshemming

Ein søndag i månaden er det «Sundagstreff» i Bryne kyrkje. Dette er samlingar med gudsteneste tilrettelagt for menneske med utviklingshemming. Då er det først allsong, mat og drøs i peisestova. Etterpå er det gudsteneste i kyrkjesalen. Ein god gjeng samlast her kvar gong. Grilling i Undheim kyrkje er ein fin sommaravslutning. Det var mange fleire som kom i år enn i fjor.

Tur til Stavanger for å delta på hausttakkefest i Domkyrkja.

Ein gong i året reiser sundagstreff-gjengen for å vera med på hausttakkefest. Det var ei fin oppleving å vera i den nyoppussa domkyrkja. Lik i fjor vart maten servert ferdig pakka i ein pose i staden for på fat.

Mange opplevde at mingledelen vart borte då utdelinga av maten skjedde ved slutten av arrangementet ved utgangen. Mange ga tilbakemelding om at dei ønskjer ei annleis avslutning. Mange ga uttrykk for å ha sakna betre tid for mingling.

Dette arbeidet er felles for Bryne/Time/Undheim.

Ein gong i året kjem elevane frå avdeling for kvardagslivstrening ved Bryne på påskebesøk i Bryne kyrkje. Diakonen fortel påskehistoria for dei, medan kyrkjemusikaren har ansvar for musikkdelen.

I påska 2024 kom tre puljar med elevar. Det var sju elevar i kvar pulje. Andakten blei halden puljevis. Arrangementet blei godt likt og fekk mange gode tilbakemeldingar.

Dette arbeidet er felles for Bryne/Time/Undheim.

Arbeid for innvandrarar

Som i fjor har innvandrertrøff/språkkaféen ein trufast gjeng som møter opp ein gong i veka. Målet med arbeidet er at menneske med innvandrarbakgrunn får moglegheit til å øva på å snakke norsk, samt å gje dei eit fellesskap og moglegheit til å dela erfaringar med kvarandre. Målet er å byggja relasjonar. Lye har eit liknande tilbod for innvadrarar.

Fasteaksjonen

Fasteaksjonen 2024 hadde temaet: Håp i ein dråpe vatn. Resultatet for heile Time var kr 190 494, medan det i Time sokn vart samla inn kr 69 181. Eit veldig bra resultat.

Tusen takk for stor innsats i det diakonale arbeidet i Time sokn i 2024.

Skrive av: Diakon Maria Praxedes U. Slettebø

Lye søndagsskule

Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til! (Markus 10,14)

Alle barn er velkomne til å vera med i søndagsskulen på Lye annankvar søndag kl. 10.30 på Lye forsamlingshus!

Lyefjell Søndagsskule er ein del av Den norske kyrkja (DNK) sitt arbeid. Store delar av søndagsskulearbeidet er difor fletta inn i gudstenestene på Lye forsamlingshus. Me har barneandakt i sjølve gudstenesta, og aktivitetar som brettspel, hobbyaktivitetar, kahoot og selskapsleikar medan gudstenesta held fram for dei vaksne. Etterpå er det alltid soft, chips og bollar for alle som har vore på gudstenesta.

Marianne Hauge har 10% stilling som Barne og familiarbeidar, med hovudfokus på Lyefjell søndagsskule. I tillegg er foreldregruppa og nokon av dei eldre ungane skikkeleg gode på å bidra med frivillig innsats

I 2024 hadde Lyefjell søndagsskule 28 betalande medlemmar. Til saman deltok 151 ulike barn på samlingane våre.

Varden

Varden har hatt samlingar annankvar fredag i 2024 utanom i skuleferiane. Ole Hauge har vikariert som leiar for arbeidet, og Alfred Undheim har hatt 10% stilling.

Ein kveld startar som regel med eit møte. Etterpå er det mat og tid til å vera sosial med ulike spel.

Varden hadde 25 betalande medlemmar i 2024. I løpet av ein kveld kan det vera 30-50 ungdommar som er innom. Dei kjem til ulike tider. Mange av dei kjem etter møtet, men dette er ikkje slik me ønsker at det skal vera, og ulike løysingar har blitt prøvd for å få alle til å vera med frå starten.

Blant dei ungdommane som kjem, er det få som har foreldre som høyrer til i arbeidet på Lye forsamlingshus. Truleg er det noko av årsaka til at det er vanskeleg å få nok vaksne til å vera til stades på fredagskveldane. Det er behov for fleire vaksne til å sjå etter at alt går fint for seg, og til å hjelpa med dei praktiske oppgåvene. Det bør minst vera to vaksne i tillegg til ungdomsarbeidaren. Helst skulle det vore fleire.

Styret har fått seg gode rutinar på planlegging av kveldane. Dei som sit i styret er:

Ole Hauge – leiar

Adrian Vassbø

Sondre Vassbø

Mia Serigstad

Benjamin Skjerve

Silas Sandsmark

Alfred Undheim

Frode Skårland – styreleiar (må ha denne rolla for å levera inn rapportar, men deltek ikkje på vanlege styremøte)

Varden 10/13

Varden 10/13 er eit trusopplæringstilbod til born i alderen 10 til 13 år. Borna kan bli medlemmer ved skulestart i 5. klasse og avsluttar ved utgangen av 7. klasse.

Arrangementet varer frå 14.15 til 15.45, annankvar onsdag. Våren 2024 hadde vi 9 samlingar og hausten 2024 hadde vi 7 samlingar. Varden 10/13 hadde 26 medlemmer våren -24 og 28 medlemmer hausten -24.

Programmet er som følgjer:

Når dei kjem får dei først mat. Borna vert servert rundstykke med diverse pålegg. Etter maten har vi ein kort andakt på ca 5 minutt. Den vert halden av ein av leiarane, og nokre gonger køyrer vi en videoandakt. Tida mellom andakten og ca 1530 har ulike aktivitetar.

- Lekser
- Bordtennis
- Fotballspel
- Brettspel
- Formgivingaktivitetar
- Uttrilling av rundstykke, til neste *samling*

Siste delen av samlinga er ein aktivitet som samlar alle. Det kan vere ein konkurranse, «Grip mikrofonen» el.l

Vi avsluttar med å stå i ring og be ei samlingsbøn.

Liv Heidrun Heskestad

Fung, leiar.

Barnegospel og TT-koret

På grunn av sjukemelding har ikkje Barnegospel og TT-koret levert årsmelding for 2024. TT-koret hadde bortfall av nokre øvingar på grunn av sjukdom. Barnegospel hadde ein lang pause hausten 2024. Frå november av, tok Jorunn Ueland over som dirigent, og koret deltok på «Me syng jula inn» og ein julegudsteneste. TT-koret hadde ein flott konsert i Time kyrkje i desember.

Troens menn

Sokneprest Yngvar Nilsen leiar mannsarbeidet Troens Menn med økonomisk støtte frå Kristelig studieforbund (K-stud). Troens menn er både eit kurs i disippeltrening og ei leiartrening for menn. Målet er å gi styrkje til trua og utrustning til teneste for Gud. Konseptet handlar om å samle nokre menn i mannsgrupper til laurdagssamlingar, 3. kvar laurdag.

I gruppa går deltakarane gjennom bøkene:

1 – Tid med Gud

2 – Ekteskap og barn

3 – Pengar, sex, yrkesliv, prøvingar og korleis utgjere ein forskjell.

Første gruppa har 5 deltakarar. 11 laurdagar har dei vore saman i 2024. Dei fullførde den siste samlinga, 28. september 2024.



«Tre år med tre bøker i serien «Troens menn» er fullført. Her fra avslutningsfesten. Flere krevende dager i «puggingens dal» har det vært. Det er ikke å komme utenom, for kurset krever langt mer enn ei vanlig bibelgruppe. Men størst er gleden over brødre fellesskap med gode samtaler over en åpen bibel og med et åpent rom for uenighet. Best av alt er at vi gjennom disse tre årene er blitt knyttet nærmere Jesus. Han har alltid vært hedersgjesten, selve superlimet og brennpunktet for samlingene våre. Og til Ham sender vi vår store takk!» (Yngvar Nilsen)

Andre gruppa har óg 5 deltakarar. Dei har vore saman 15 laurdagar i 2024. Gruppa vil bli ferdig med bok 3 og heile kurset den 15. februar 2025.



Våren 2025 har Troens menn – Ung startet opp. Og fem unge menn er allereie godt i gang når årsmeldinga for 2024 lesast.

Lye distriktsutval 2024

Lye distriktsutval har sidan 1. august 2018 hatt mandat til å leia Time sokn sitt arbeid på Lye. Arbeidet omfattar gudstenestearbeid, barnearbeid inkl. trusopplæring, ungdomsarbeid og vaksenarbeid. Trusopplæring og diakonalt arbeid er skrive om i andre delar av Time sokneråd si årsmelding, og blir difor ikkje tatt med her.

Utvalet har i 2024 hatt 7 møte og handsama 46 saker. I utvalet sit Liv Heidrun Heskestad (leiar), Jorunn Ueland (sekretær), Steinar Knutsvik, Yngvar Nilsen (sokneprest) og dagleg leiar i Time sokn; Anna Bergitte Skårland (dagleg leiar til 31.03.24) og Frode Skårland, dagleg leiar frå 01.04.24.

Distriktsutvalet arrangerte medarbeidarsamling 24. oktober med Anne Berit Mathisen som festtalar. Det kom omlag 50 gode medarbeidarar og det var ein inspirerande kveld.

Det har og vore fleire gode møte med INN-kyrkja, der samarbeidsområde har vore drøfta, bla. fredagsmiddag, der vi treng litt fleire som deltar.

Mot slutten av året vart framtida for distriktsutvalet drøfta. Det er Time sokneråd sitt arbeid på Lye, og soknerådet har alle sine medlemmer frå Lye. Etter drøftingar i både soknerådet og distriktsutvalet vart det i januar-25 vedteke at distriktsutvalet skulle leggast ned.

Visjonen for Time sokneråd sitt arbeid på Lye er: «Vi vil at alle på Lye skal bli betre kjente med Jesus Kristus», og denne visjonen vil vi framleis halde høgt.

Årsmelding strikkekafé

Strikkekaféen på Lye forsamlingshus hadde 6 treff i 2024. Oppmøtet er oftast på mellom 15 og 20 damer. Oppskrifta på strikkekafeen med litt mat og ei lita utlodding ser framleis ut til å passa godt. Praten går lett rundt borda og stemninga er god. Stadig er det nye ansikt som dukkar opp. Nokre kjem trufast mest kvar gong, medan andre kjem innimellom. Det verkar som om strikkekafeen på Lye er godt kjent, og at veldig mange har vært og er innom når det passar. Planlegging og førebuing føregår effektivt og greitt i eit hovud, men mange hender er meir enn villige til å bidra med å rydda og vaska opp i etterkant av samlingane! Det blir satt stor pris på!

Økonomien i strikkekafeen er god. Det balanserer godt med utlodding og sal av mat sjølv om det ikkje blir lagt opp til at det skal brukast mykje pengar på nokon av delane.

Gode tilbakemeldingar og godt oppmøte gir krefter, mot og lyst til å halda fram!

Fredagsmiddag

Fredagsmiddag er et tilbud for alle. 100 personer spiste middag på på Lye forsamlingshus 1. november 2024. Av disse var 30 barn under 13 år. I gjennomsnitt deltar rundt 80 personer på disse arrangementene.

Målet er at middagen skal være velsmakende og sosial. Mange frivillige er med i planlegging og gjennomføring av fredagsmiddagene. Prisene holdes lave for at flest mulig skal kunne delta. Voksne betaler 60 kroner; barn 40 kroner. Inkludert kake og kaffe/te er totalprisen 15 kroner høyere. Makspris for middag for familie fra samme husstand er 230 kroner.

Middagen lages på forsamlingshuset. Spill og aktiviteter er tilgjengelig for barn og unge som deltar. Våren 2025 er det fredagsmiddag 28. mars fra klokken 17.00.

Økonomi og gjevarteneste

Tusen takk til alle som er med og støttar arbeidet vårt med pengegåver! I barne- og ungdomsarbeidet har me fleire stillingar som soknerådet lønar, og utan gåvene som de gjer, måtte me ha redusert mykje i dette arbeidet.

I 2024 kom det inn 407721 i fast gjevarteneste og 131179 kroner i offer til arbeidet vårt. Dette er 105555 kroner meir enn året før, og det er ei viktig auke. Hadde det ikkje vore for sjukemeldingar, ville me gått med underskot i 2024. Rekneskapen for 2024 er ikkje heilt ferdig så tala som følger kan bli endra noko, men det kan sjå ut til at soknet går med i underkant av 70 000 kr i overskot.

251833 kroner blei sendt vidare etter offer til andre eksterne mottakarar (6231 mindre enn 2023).

Rekneskapen til prosjektet Velkommen hjem gjekk gjennom Time sokn, og det fører til at utgiftene og inntektene til soknet auka med 15%. Mange forsamlingar i Time kommune stod saman om dette arrangementet.

Nokre fleire tal (hugs at «Velkommen hjem» utgjør 15 % av utgiftene og inntektene. Held me Velkommen hjem utanfor, blir tala høgare):

Samla innskot i banken for Time sokn var på 2 407 721,68 den 31.12.2024.

32 % av inntektene kjem frå fast gjevarteneste.

29 % av inntektene kjem frå ofringar.

43 % av utgiftene går til løn.

21 % av utgiftene går til støtte av andre organisasjonar gjennom ofringar.

Me oppfordrar alle til å vera med i tenesta som faste gjevarar!

Takk!

Dette var ei lita orientering om kva som rører seg i Time sokn av aktivitetar og kva saker Time sokneråd har jobba med i 2024.

Me vil òg nytta høve i årsmeldinga til å takke alle frivillige medarbeidarar! Og like viktig vil me takke deg som trufast møter opp på gudstenester og andre tilstellingar, deg som hugsar på arbeidet vårt i bøn og takk, deg som støttar opp om gjevartenesta og deg som snakkar varmt og raust med dei du møter på din veg. Saman er me alle, med våre ulike talent, eigenskapar og veremåtar med på den store oppgåva om å bringa evangeliet vidare. La oss i 2025 framleis stå saman om å skapa meir «Himmel på jord» ved å vera eit sokn som trur, bryr oss, opnar, deler og inviterer.

Beste ønske for 2025

Marianne Hauge
for Time sokneråd